

Sagn fra Lenvik.

Gift med hulder.

Det var i Lysbotn i Lenvik på innersida åt Senja at ei jente sporlaust kom vekk. Dei søkte etter ho alle stader; men ho var ikkje a finne. So kom dei på den trua at ho hadde teke livet av seg, og foreldra hennar syrgde ho tungt og lenge.

Tvo år seinare kjem ein framand mann i stova åt mora. Han var gjild å sjå til, godt vaksen og med blå bunad. Han segjer at ho må koma straks med han åt dotter si, for ho var sjuk.

Mora tenkte seg ikkje um so glad blei ho, og fylgde han bortetter vegen. Der blei ei opning i marka og der gjekk dei ned. Ho visste ikkje av fyrr ho kom inn i ei stova som overalt synt velstand. I senga låg dotra, som ho ikkje hadde set pa tvo år. Ho sa ho var barselsjuk, og ingen av huldrefolket kunde hjelpe ho. No gjekk alt godt og ho fødde ein gild son.

Etterpå fortalde ho mora at ho blei teken inn åt huldra og at sonen i huset vilde ha ho, og so slo ho seg til ro. Mora spurde um ho no vilde kome att; men ho sa nei, for ho hadde det godt der ho var. Ho fortalde at ho brukte gå heim på stabburet etter flatbrød, for deiras brød var so mykje betre. Dei budde so nær stabburstrappa at ho sa ho fleire gonger kunde ha teke mora i arma når ho gjekk på stabburet.

So skulde mora heimatt, og ho tok farvel med dotter si, som baud ho helse so mykje

heim og seia at ho hadde det godt. Versonen fylgde ho utanfør og baud ho sjå beint fram, og no visste ho ikkje av fyrr alt vart borte for ho.

Men aldri seinare fekk dei noko bod frå dotter si eller såg noko meire til ho.

*Kilde: Edv. Ruud: "Gammelt frå bygdene."
Håøygminne 1925:120.*

Hulderkua i Lysbotn.

Det var ei gamal tru at ein skulde sette minst ein bås tom i fjøset som huldra skulde ha sine krøter på. Fekk ikkje huldra den plassen ho vilde ha, sprakk nokon av buskapen.. Ein kunde "gjera åt" for dette med å halde kvik-sølv i stokken over døra, eller sette eit tjær-kors på ho.

Endå i våre dagar finn ein same trua på some stader. Soleis i denne segna og: Det var i Lysbotn i Lenvika, på indre sida åt Senja, at ei husmannsdotter alltid passa på at der var plass i fjøset for hulderkrøtra. Og for dette fekk ho løn på ein underleg måte.

Ein morgon ho stod op, stod der ei ku utfor bislagdøra. Ho var mesta kvit med nokre blagråe flekker på, nett som kua dei sjølve hadde. Ho trudde og det var ho som hadde slete seg i fjøset. og tok ho i bjøllbannet og leidde ho dit; men der stod den andre kua, og difor kasta ho denne kua fast, ho trudde det var ei framandku. Ho gjekk inn åt faren og

fortalde det. Han sa: "Så er det vel di ku då!" Natta etterpå kom ei hulderkona i draume med ho og sa: "Eg har gjeve deg ho Dagros for du har vore snild og etla meg plass i fjøsen." Jau då, ho trudde det sjølv, men for grannane si skyld let ho rope ut på kyrkjebakken um kua; men der var ikkje ein som melde seg som eigarmann. So fekk ho då kua sjølv og ho melka det duble av kva ei vanleg ku kan gje.

Ho hadde kua i tri år; men så blei faren si ku so gamal at han skulde skilje seg med ho. Dotra skulde no og reise heimanfrå, og no blei dei einige om at faren skulle ha kua hennar so skulde ho få dei pengane han fekk for si når han slakta ho. Natta etter detta kom huldra i draume åt gjenta igjen, da seier ho: "Det var berre deg eg gav ho Dagros, og når du ikkje lenger vil ha ho, så har eg no teke ho igjen".

Om morgonen var kuå borte, og aldri såg nokon meire til ho.

*Kilde: Edv. Ruud: "Gamle segner"
Håløygminne hf. 1-2 1925, sd. 56 ff.*

Hva en Gibostad-væring kunne lære bort på 1600-tallet.

Fra en av de mange hekseprosesser i Finnmark på 1600-tallet, tar vi her fram én hvor en lenvikværing hadde vært læremester.

Gjertrud Tronsdatter fra Ekkerøy

Hennes tilståelse.

Hun lærte kunsten av en kvinne på **Gibostad** i en drikk øl. Hennes Gud, som hun tjente, het Abraham. Kunsten forsøkte hun på et lam som hun ga noe å drikke og samtidig ba det sprekke. Straks skjedde det også.

Hennes gjerninger.

1. Sammen med Eli fra Ekkerøy og Marthe, Torgrims kone, forgjorde de hennes mann Ole Jensen og hans medfølger da de var reist over etter mose. Da var hun i en tyvjoskikkelse og Marthe som en svane.

Dommen av Kiberg den 20. mars 1653.

Siden Gjertrud Tronsdatter nå selv for retten godvillig bekjenner å ha lært trolldoms kunster og bundet seg til Djevelen, og ved slikt å ha vært med å forgjøre hennes egen forrige mann, Ole Jensen, og bedrevet mer ondt både mot Gud og mennesker som det fremgår etter samme hennes bekjennelse, har vi således kjent og funnet at nevnte Gjertrud Tronsdatter for slike hennes misgjerninger skal dømmes på sin kropp til ild og bål.

Kilde: Hans H. Lillienkiold "Trolldom og Ugudelighet i 1600-tallets Finnmark."